

1. Uttakskriteriar - stafettar

LK har utarbeida desse kriteriane for uttak av stafettar på nasjonalt nivå. Kriteriane er sett opp i prioritert rekkefølge:

Juniornoregsmeisterskapen

1. Resultat individuelle renn i meisterskapen
2. Resultat i juniorcuprenn
3. Resultat i kretsrenn og plassering i kretscupen langrenn
4. Stilart
5. Alder (ein 20-åring går som regel fortare enn ein 17-åring)
6. Resultat oppnådd i tidlegare sesongar (for eksempel ved langvarig sjukdom)

Hovudlandsrenn:

1. Resultat individuelle renn i HL
2. Resultat i kretsrenn og plassering i kretscupen langrenn
3. Stilart

Ungdomsstafetten:

1. Resultat individuelle renn i HL (om HL går før påmeldingsfristen)
2. Resultat i kretsrenn og plassering i kretscupen langrenn
3. Stilart

Alle uttak av lag vil innebera skjønn.

Til å føreta uttaket av stafettlaga til jr-NM og HL, vil kretsen nytte hovudreiseleiar og to lagleiarar/trenarar/foreldre. Dei to lagleiarane/trenarane/foreldra vert valt/utpeikt av laga. For å sikre mest mogleg nøytral uttakskomiteé vert laga oppmoda til å velge kandidater som ikkje har direkte bindingar til løparar for dei aktuelle laga. Dersom det i uttakskomiteen er usemje om uttaket, vil hovudreiseleiar ha siste ordet.

For Ungdomsstafetten føretar langrennskomiteen uttaket.